



Saksbehandlar: Ingeborg Lie Fredheim, Opplæringsavdelinga  
Sak nr.: 18/6398-3

## Ny selskapsavtale for Vigo IKS

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for opplæring til å gje slik tilråding:**

**Hovudutval for opplæring rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjøre slike vedtak:**

Fylkestinget godkjenner ny selskapsavtale for Vigo IKS, slik den ligg føre i vedlegg 1.

### **Vedlegg:**

1. Ny selskapsavtale for Vigo IKS, vedteken av representantskapet 12. april 2018.
2. Gjeldande selskapsavtale for Vigo IKS (vedlegg 1 til FT-sak 63/10)
3. Brev av 22. mai 2018 frå Vigo IKS AS til fylkeskommunane og Oslo kommune *Oversendelse av ny selskapsavtale for Vigo IKS*

### **Andre relevante dokument i saka:**

1. FT-sak 2/16 Vigo IKS – fordeling av kostnader ved utvikling av fagsystem
2. FT - sak 63/10 Opprettning av eit felles interkommunalt selskap (IKS) for å ta hand om drifta av Vigo og eit eventuelt samarbeid om skuleadministrative system
3. Fylkestingssak 08/12 Kjøp av nytt felles skuleadministrativt system (SAS)

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Samandrag**

Representantskapet i Vigo IKS har vedteke ny selskapsavtale, som vert lagt fram for fylkestinget til godkjenning. Selskapsavtalen inneheld m.a. endringar i kostnadsfordelinga mellom eigarane, tal varamedlemar til representantskapet og eigarstruktur.

### **2. Bakgrunn for saka**

Vigo IKS er eit interkommunalt selskap eigd av alle fylkeskommunane og Oslo kommune. Selskapet skal eige, utvikle og drifte fylkeskommunane sitt felles inntaks- og forvaltingssystem for elevar/lærlingar, Vigo, og alt som elles er naturleg knytt til dette – t.d. skuleadministrative system.

Representantskapet er selskapet sitt øvste organ, og er samansett av ein representant frå kvar fylkeskommune og Oslo kommune. Styret har fem medlemar. Vigo IKS har hovudkontor i Skien.

#### **2.1 Aktuelle tidlegare saker handsama av fylkestinget**

FT-sak 63/10 Opprettning av eit felles interkommunalt selskap (IKS) for å ta hand om drifta av Vigo og eit ev. samarbeid om skuleadministrative system

FT vedtok i saka at Sogn og Fjordane fylkeskommune skulle gå inn som eigar i eit felles interkommunalt selskap for fylkeskommunane – Vigo IKS. Fylkestinget godkjende i vedtaket framlegget til selskapsavtale for det nye selskapet. Det vart i saka også vedteke at fylkeskommunen ville ta del i det vidare arbeidet med å setje i verk eit forprosjekt for utarbeidning ein plan for anskaffing, implementering og kostnadsfordeling av eit felles skuleadministrativt system.

FT-sak 08/12 Kjøp av nytt felles skuleadministrativt system (SAS)

FT gjorde i saka følgjande vedtak:

1. *Sogn og Fjordane fylkeskommune vil delta i det vidare samarbeidet mellom fylkeskommunane, organisert gjennom Vigo IKS, om innkjøp av eit felles skuleadministrativt system.*
2. *Sogn og Fjordane fylkeskommune registrerer at fordelinga av kostnadene ved det nye systemet ikkje er avklara. Fylkestinget understreker at kostnadene bør fordelast på ein slik måte at ein tek rimeleg omsyn til bruksomfanget i den einskilde fylkeskommune.*
3. *Finansiering av kostnadene ved kjøp av nytt system må vurderast i samband med komande budsjettprosess.*

FT-sak 02/16 Vigo IKS – fordeling av kostnader ved utvikling av fagsystem

Representantskapet for Vigo IKS gjorde på møte 23.09.15, mot ei stemme (Oslo kommune), følgjande vedtak:

1. *Det foreslås at nåværende selskapsavtale videreføres uten endringer.*
2. *Ny kostnadsfordeling foreslås endret med en gradvis opptrapping av ny kostnadsfordeling i henhold til tabellen under.*

Kostnadsgruppe/ÅR	2017	2018	2019
Deles likt	90 %	80 %	70 %
Deles etter elevtall	10 %	20 %	30 %

På bakgrunn av dette gjorde FT i sak 02/16 følgjande vedtak:

1. *Selskapsavtalen for VIGO IKS vert videreført utan endringar.*
2. *Det vert innført ny modell for fordeling av utviklingskostnader mellom fylkeskommunane. Ny kostnadsfordeling mellom fylkeskommunane vert endra med ei gradvis opptrapping av ny kostnadsfordeling slik det går fram av tabellen under:*

Kostnadsgruppe/År	2017	2018	2019
Delast likt	90 %	80 %	70 %
Delast etter elevtal	10 %	20 %	30 %

**2.2 Ny selskapsavtale frå 2018**

På representantskapsmøtet 12. april 2018 vart ny selskapsavtale samråystes vedteken. Avtalen er utarbeidd saman med KS-advokatane, og inneholder ny kostnadsfordeling og eigarskriftur. Etter § 15 kan selskapsavtalen berre endrast ved at deltakarane gjer likelydande vedtak om dette.

**Kostnadsdeling**

I 2016 vart ny kostnadsdeling vedteke av selskapet sine eigarar, utanom Oslo. § 4 i avtalen «Eierandel, innskuddsplikt og fordeling av kostnader» er no endra i tråd med kostnadsdelinga slik den vart vedteken i 2016.

**Andre endringar**

Tal deltakarar i selskapet er endra grunna samanslåinga til Trøndelag fylkeskommune.

I § 5 «Representantskapet» er tal varamedlemer endra. I gjeldande avtale står det at kvar deltakar/eigar skal ha ein representant med personleg varamedlem. I ny avtale står det at kvar deltakar/eigar skal ha ein representant med to varamedlemar.

Det er også gjort nokre mindre justeringar som er betre tilpassa lov om interkommunale selskap.

Slik det går fram av selskapsavtalen kan denne endrast berre dersom deltakarane gjer likelydande vedtak om dette. Den nye selskapsavtalen må difor godkjennast av kvar av eigarfylkeskommunane og Oslo kommune.

I brev frå VIGO IKS, datert 22. mai 2018, vert fylkeskommunane og Oslo kommune bedne om å gjere endeleg vedtak og sende vedtaket til VIGO IKS innan 1. oktober 2018. Etter avtale med Vigo IKS har Sogn og Fjordane fylkeskommune fått utsett fristen for innsending av vedtak til saka er handsama av fylkestinget 19. oktober 2018.

### **3. Fylkesrådmannen si vurdering og konklusjon**

Kostnadsdelinga i ny selskapsavtale samsvarar med tidlegare vedtak i fylkestinget i Sogn og Fjordane (FT-sak 02/16). Fylkesrådmannen har ikkje merknader til endringane i framlegget til ny selskapsavtale og meiner vi bør godkjenne Vigo IKS sitt framlegg til ny selskapsavtale.